



Notat

Dato: 24.10.2014
Arkivsak: 2014/13022-11
Saksbehandlar: milbert

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Mildrid Bertelsen

Spesialundervisning - oversendingsforslag - oktobertinget 2014

I samband med fylkestinget si behandling av sak 58/14 " Tertiær rapport pr. 31. august 2014 – rekneskapsprognose", den 15.10.2014, sette **Aud Karin Oen** på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Spesialundervisning

Omlegginga i budsjetteringa av dette området har resultert i færre søknader om ressursar frå skulane.

- Kva tyder det?
- Er det færre som har behov?
- I tillegg: Kva er tala for opptak i 4. og 5. skuleår? (i høve til dette)."

Oen sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.